



Bremanger kommune

Plan og forvaltning

Kystverket
Postboks 1502

6025 ÅLESUND

Vår ref:
19/8133-/ MOS

Dykkar ref.
5ba9f275-128d-41dc-91d8-
b1a5cd44af8d

Dato:
21.08.2019

Søknad om midler til ferdigprosjektering av fiskerihavner - ref 2019/526

Viser til brev av 26.06.2019 om invitasjon til å søke om tilskot til ferdigprosjektering av fiskerihamntiltak 2019/526-1.

Bremanger kommune i lag med Sogn og Fjordane fylkeskommune søker med dette på tilskot på kr. 1 040 00 kroner eks. mva. til ferdigstilling av Fiskerihamnprosjektet i Kalvåg – Bremanger kommune – Sogn og Fjordane fylke.

Kalvåg Fiskerihamn ligg på øya Frøya i Bremanger kommune i Sogn og Fjordane. Tettstaden Kalvåg har 400 innbyggjarar. Hovudnæringa i hamna er fiske og fiskeforedling. I 2009 sende Bremanger kommune, Bremanger fiskarlag og Fiskarlaget Vest krav til Kystverket om statlig utbygging av fiskerihamna i Kalvåg. Bremanger kommune prioriterer Kalvåg som den sentrale fiskerihamna i kommunen. Prosjektet vart og støtta økonomisk av Sogn og Fjordane fylkeskommune. I brev til Kystverket datert 07.07.2010, skriver fylkeskommunen blant anna: «*Fiskeri er ei svært viktig næring i Bremanger og fylkeskommunen står difor arbeidet med oppbygging av eit komplett miljø på Kalvøya som inkluderande utbygging av fiskerihamna*».

Sogn og Fjordane fylkeskommune er også i 2019 av den oppfatning at dette er det viktigaste utviklingsprosjektet innan fiskerihavner i fylket, det er viktig for det lokale og regionale fiskerimiljøet, for kommunen og for fylkeskommunen. Fylkeskommunen har prioritert satsing på næringsutvikling innan fiskeri og havbruk i Regional plan for verdiskaping for Sogn og Fjordane, og har også vore aktiv i utforminga av søknaden. Vi ser det som av største viktigheit at dette store prosjektet ikkje stoggar opp.

Adresse
Rådhuset, Postboks 104,
6721 Svelgen

Telefon
57 79 63 00

Org.nr
959 318 166
Bankkontonr.
3776 07 50035

E-post postmottak:
post@bremanger.kommune.no
E-post sakshandsamar:
monica.sande@bremanger.kommune.no

Internett
www.bremanger.kommune.no

Kalvøya fiskerihamn-prosjekt vart starta opp i 2009 og ein har regulert heile området til fiskeriføremål. Det er bygd ei ny fiskerikai på 140 meter, fylt ut nytt landareal på 25 dekar til fiskeri og infrastrukturen er oppgradert og utbygd. Bremanger kommune har brukt 70 millionar i prosjektet pr. dags dato, Sogn og Fjordane Fylkeskommune 8,1 millionar og næringa sjølve 80 millionar.

Dette er eit heilheitleg utbyggingsprosjekt for og med fiskerinæringa, der sjølve grunnlaget for aktivitet og rekruttering ligg i ei ny framtidsretta fiskerihamn.

Kalvåg fiskerihamn / fiskerihamntiltaket som vi søker tilskot til, famnar om utdjuピング og etablering av moloar. Hamnebassenget og innseglinga til den nye fiskerihamna skal utdjupest til kote -6 meter. Det skal vidare etablerast 2 moloar - ein frå fastlandet og ut til Høgholmen og ein molo parallelt med og sør for innseglinga til fiskerihamna. Dette prosjektet har vore på NTP 2014 – 2023 i siste planperiode, og i NTP 2018 – 2029 i siste planperiode. Kalvåg fiskerihamn er godt forankra i kommunale og fylkeskommunale prioriteringar. Og det er det einaste fiskerihamntiltaket i Sogn og Fjordane dei siste 15 åra.

Kalvåg fiskerihamn/prosjektet er godt dokumentert i rapport – forprosjekt – Kalvåg Fiskerihamn – 09/02477 og 2011/2080 i Kystverket Vest. (vedlegg 1).

Vi har tatt utgangspunkt i forprosjektet til Kystverket Vest og lagt til grunn lista på utreingar og undersøkingar (side 14 i forprosjektet) som må på plass før hovudprosjektfasen/utbygginga kan ta til.

Det er Bremanger kommune som har hatt eigarskap i prosjektet, og Hamnesjefen i Bremanger hamn som har vore prosjektleiar på lag med Kystverket Vest sidan 2009. Dette vil ein vidareføre fram til forprosjektet er ferdigstilt i 2019.

Når vi går inn i sjølve hovudprosjektet / utbygginga av fiskerihamna – vil det vere opp til retningslinjene vedtatt av Vestland fylkeskommune korleis vidare eigarskap i hovudprosjektet vil vere.

Organisasjonsplan:

| | |
|------------------------|------------------------------------|
| Prosjekteigar | Bremanger kommune |
| Prosjektleder | Bremanger Hamn (Bremanger kommune) |
| Styringsgruppe | Hamnestyret i Bremanger kommune |
| Referansegruppe | Sogn og Fjordane fylkeskommune |

Tidsplan:

| Hovud- Aktivitatar | Tidsplan (vekenummer 2019) | | | | | | | | | | | | | | | | | ress. bruk |
|------------------------------|----------------------------|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|---------------|
| | 35 | 36 | 37 | 38 | 39 | 40 | 41 | 42 | 43 | 44 | 45 | 46 | 47 | 48 | 49 | 50 | 51 | |
| 1 Tildeling tilskot | | ? | ? | ? | | | | | | | | | | | | | | |
| 2 Planlegging og oppfølging. | | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x |
| 3 Miljø | | | | x | x | x | x | x | x | x | x | x | | | | | | |
| 4 Ledningskart | | | | x | x | x | x | x | x | x | x | x | | | | | | |
| 5 Numerisk modellering etc. | | | | x | x | x | x | x | x | x | x | x | | | | | | |
| 6 Molodimensjonering | | | | x | x | x | x | x | x | x | x | x | | | | | | |
| 7 Geoteknisk Prosjektering | | | | x | x | x | x | x | x | x | x | x | | | | | | |
| 8 Arbeidseiningar | | | | | | | | | | | | | | x | x | x | | |
| 9 Mengdeberekniger | | | | | | | | | | | | | | x | x | x | | |
| 10 Mengdebeskrivelse | | | | | | | | | | | | | | x | x | x | | |
| 11 prosjektrekneskap | | | | | | | | | | | | | | | | | x | x |

Bremanger kommune har i forkant av søknad vore i kontakt med konsulentar for å få kostnadsoppsett på dei undersøkingane og utgreiingane som no står att i prosjektet. Ein ser føre seg og kunne gjennomføre oppgåvene parallelt. Ein har også diskutert tidsbruk og tidsplan med konsulentar for å få eit reelt utgangspunkt til å kunne sette opp ein tidsplan. Utifrå dette er det sett 3 månadar frå tildeling av tilskott til ferdigprosjektering med prosjektrekneskap.

Oversyn kostnader eks. mva.

| | |
|---|------------------|
| Prosjekteringsleiing / RIB | 150 000 |
| Miljø | 200 000 |
| -nye miljøprøver med analyser | |
| -rapportering og miljøteknisk prosjektering | |
| -søknad vedr. mudring og dumping | |
| Framskaffe ledningskart | 10 000 |
| Numerisk modellering, vindmåling, bølge-, straum, og tidevass-målinga | 380 000 |
| Molodimensjonering | 50 000 |
| Geoteknisk prosjektering | 150 000 |
| -molo, deponi og graveskråningar | |
| Arbeidstegninger | 40 000 |
| Mengdeberekning | 20 000 |
| Mengdebeskrivelse | 40 000 |
| Totalsum | 1 040 000 |

Ved å få dekket prosjektkostnaden med totalsum 1, 04 mill. som synt i tabellen over vil fiskerihamn tiltaket i Kalvåg bli ferdigstilt og vere klar til anbudsprosess når finansieringa av total kostnaden er bevilga.

Kontaktperson for utfyllande opplysninger er Monica Sande – monica.sande@bremanger.kommune.no, mobil 99439290.

Med helsing

Magnhild Myklebust
Leiar plan og forvaltning
Bremanger kommune

Jan Heggheim
Fylkesdirektør næring og kultur
Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Henviser til Forprosjekt Kalvåg Fiskerihavn – rapport 09/02477 og 2011/2080 med tilhørende vedlegg, som ligg i Kystverket Vest sitt arkiv.